



Røntgen

Røntgen ved Voss Kiropraktorkontor

Voss Kiropraktorkontor tilbyr vanlege røntgentenester. Her er det ingen ventetid om undersøkinga skulle indikera behov for røntgen. Me har eit moderne, digitalt røntgenanlegg som gjer det mogleg å ta bilete i ståande stilling. Dette er for å kunne vurdere korleis ryggrada og ledda fungerer under belastning, slik kroppen faktisk blir brukt i kvardagen.

Dersom det er behov for bilete me ikkje tek sjølve – som t.d. MR, CT eller diagnostisk ultralyd – henviser me vidare til samarbeidspartnarar. Me har eit godt samarbeid med **Voss Sjukehus**, og med både **offentlege og private aktørar** i heile regionen.

Etter at bileta er tekne, går me gjennom dei saman med deg. Du får ei forklaring på kva som synest på røntgen, og kva det betyr for din kropp og behandling. Dette er ein viktig del av å skapa innsikt, tryggleik og eit godt grunnlag for vidare oppfølging.